

Meland kommune

Innspel til områdeplan for Rylandshøgda.

Plan ID: 1256 20160004

Ved gjennomgang av planen vil eg belyse nokre prinsipp og konkrete planar som bør vurderast på nytt.

Planen påpeikar FV246 som smal, har uoversiktlege utkjørslar og ikkje godt tilrettelagt for mjuke trafikantar. Dette vert også støtta av bilete frå vegen. Dette er eg einig i. Då vert det for meg noko uforståeleg at trafikk frå vesentleg fleire husstandar enn dagens situasjon skal leiast inn på nettopp FV246, og i same område som bilete i planen.

Infrastruktur til dei nye nye byggefelt (BKS7b, BKS7c, BKS7d) bør vurderast på nytt. Dette er felt som ikkje naturleg ligg innanfor FV246 grunna avstanden. Desse felt kan ha ein god utkjørsel, eller to, til RV564.

Etter mi vurdering påfører ein FV246 vesentleg større trafikk i eit allereie belasta område. Sjølv om planen tek høgde for denne auka, kjem ein ikkje vekk frå at FV246 er belasta. Det må påpeikast at planen inneber at mjuke trafikantar også skal nytta akkurat dette området til å ferdast.

Krysset mellom FV246 og RV564 vesentleg meir belasta enn dagens situasjon. Statens Vegvesen har i tidlegare plan påpeika at dette krysset er problematisk grunna dårleg oversikt for bilistane. Topografien og bustader i området ved dette krysset vanskeleggjer ei god løysning, utan vesentlege inngrep. Då verkar det uforståeleg at Kommunen planlegg ytterlegare trafikkauke i dette krysset.

Eg registrerer at planen er problematiserer til krysset frå 43/90 (med fleire), og ut i RV564. Planen er å stengje denne utkjørselen grunna «farleg kryss»

Etter mi vurdering er dette krysset vesentleg meir oversiktleg enn FV246/RV564, og eg deler ikkje vurderinga at dette krysset bør stengjast. Etter mi vurdering bør dei nye byggefelt få «gjennomkjøring» grunna naudsituasjonar og trafikkavlastning. Men FV246 er ikkje best eigna. Det finnast stader på RV564 som er godt eigna til dette med god oversikt. Td der «gamlevegen» over Ryland munnar ut i RV564. Eit anna alternativ kan vera å oppgradera deler av gamlevegen slik at byggefelt får utkjørsel i den.

Ideelt sett hadde ei god løysing vert å oppgradere heile gamlevegen. Då hadde ein oppnådd vesentleg mindre trafikk på FV246. Leirdalen Idrettsanlegg og Leirdalen Barnehage representerer mykje av dei trafikale utfordringane, og ei slik løysning hadde verkeleg monna. Ein hadde også oppnådd eit alternativ i naudsituasjonar. Denne løysninga støttar og «tverrsambandet» sine planar. Dette inneber sjølv sagt ein betydeleg kostnad, men resultatata hadde vert gode.

Ei anna sak som eg synast er urovekkjande.

Planen syner at FV246 har gangveg på begge sider av vegen der bilete i planen viser kristisk vegstandard. Her vert vegen truleg opp mot 14 meter breidde, og all ny veg vert foreslått på undertegna sin eigedom. Dette medfører at eigdommen vert redusert med omlag 400m². Eg har forståing for at vegen må utvidast i breidda, men det verkar litt merkelig at det er berre ein eigedom som vert belasta av denne utvidinga. Dette i tillegg til forslag om ny veg for nye byggefelt og eksisterande boliger vert lagt rett forbi eigdommen. No vil eigdommen vår få trafikerte vegar på 2 sider. Redusert størrelse og trafikk på 2 sider er ei vesentleg forringing, og ein kan medrekne reduksjon av verdi og bruksmulighet, og eg ser dette som ei stor ulempe.

Vedlegg.

Kart med inntegna endring.

Alt 1:

Oppgradere «gamlevegen over Ryland» som ei avlastning til FV246. Oppretthalde eksisterande utkjørsel frå byggefelt til RV564, men utvide med ein utkjørsel til «gamlevegen over Ryland» Gang og sykkelsti på kun ei side av vegen ved FV246. Fjerne forslag med utkjørsel til FV246 frå byggefelt. Fordele ekspropriasjon på fleire grunneigarar.

Alt 2:

Oppretthalde eksisterande utkjørsel frå byggefelt til RV564, men utvide med ein utkjørsel der «gamlevegen» går ut i RV564. Gang og sykkelsti på ei side av vegen ved FV246. Fjerne forslag med utkjørsel til FV246 frå byggefelt. Fordele ekspropriasjon på fleire grunneigarar.

Mvh

Øystein Blom

Eikelandsvegen 28, 5917 Rosslund

Ryland 18.07.19